

S



Vi ønsker alle våre lesere
en riktig god jul!

 BANGLADESH

Syersken

 SRI LANKA

Entreprenørene i
Kulekada

 NORGE

Julekveld hos
Prøysen

 NEPAL

Et friminutt
for søstrene

ØYEBLIKKET

To kvinner ein stad i Sør-Sudan i taktfast gange. Det er ikkje tungt å bære når børa du ber med deg vil gje næring til dyra som vil gje deg mjølka du treng til borna dine.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD



Takk for at du er med

I møte med bistand blir fattigdommen utfordra, og der bistand skjer i klok-skap er det fattigdommen som taper. Det finnes det tallause eksempel på.

I Strømmestiftelsen seier me at me skal nedkjempje fattigdom. Det er ei stor oppgåve og eit stort mål. Heldigvis er me ikkje aleine i denne kampen.

Før pandemien kom var verda på god veg mot å nå målet om ei verd utan ekstrem fattigdom innan 2030. Fleire born gjeikk på skulen, folk fekk det betre og svært mykje peika i riktig retning. Men krig i Europa, kutt i bistandsbudsjett, politisk uro fleire stader, og med fylgjene av pandemi og global oppvarming har mykje endra seg. For fyrste gong på mange ti-år blir det fleire fattige i verda.

I mine meir enn 24 år i Strømmestiftelsen har eg møtt hundrevis av menneske som har klart å kjempe seg ut frå fattigdom. Dei sender borna til skulen og kan sjå framover mot ei betre framtid for seg og sine. Kvinner står opp for sine rettar, og kjempar mot urett. Gjennom spare- lånegrupper har mange fått eit levebrød og ei inntekt som kan trygge familien.

I Strømmestiftelsen er du med i ein her av trufaste gjevarar som går med oss i kampen mot fattigdom. Over heile landet er du ein tusenvis som spreier lys og gjev av sin skjerv for at andre skal få det betre, og få ein sjanse til å klatre ut frå fattigdom. Takk for at du deltek i denne kampen!

Om nokre veker skal me feire han som sa at det ikkje er skilnad på oss, han som sa at alt de vil at andre skal gjere mot dykk, skal du gjere mot dei, han som fortalde oss at alle menneske har like stor verdi.

Det var han som kom med lyset, og ber oss være lys og tenne lys for kvarandre.

Frå Strømmestiftelsen ynskje me dykk alle ei riktig god jul!



Egil Mongstad
Redaktør

- | | |
|------------------------------------|---------------------------------------|
| 5 Sumaiya og geiteflokk | 23 Heidersord for Speed School |
| 10 Butikken ved hovedveien | 24 Hjertevenn |
| 16 Historiefiskeren | 30 Kjøretime i Rangpur |
| 18 Verden i bilder | 32 Ei verd full av lys |
| 22 Fikk hjelp til selvhjelp | 34 Ny barnehage i Kuron |

Adresse: Tangen 8, 4608 Kristiansand · Telefon: 38 12 75 00 · post@strommestiftelsen.no
www.strommestiftelsen.no · Kontonummer: 3000.32.51000 · Vipps: 03002

S

ANSVARLIG REDAKTØR

Erik Lunde

REDAKTØR

Egil Mongstad

JOURNALISTER

Roshini Fernando
Gase Handeland
Gro Justnæs Kiledal
Sverre Steen

DESIGN

Innoventi

TRYKK

United Press

OPPLAG

18.650

S Kommer ut fire ganger i året

ISSN 2703-8513



Ei ung mor i Bangladesh smiler fornøyd. Hun lærer å sy og vil bli skredder for å forsørge seg og familien.
Foto: Egil Mongstad

Strømmestiftelsen bekjemper fattigdom gjennom utdanning, jobbskaping og samfunnsbygging i 11 land i Asia og Afrika. Vi gir mennesker muligheten til selv å kjempe seg ut av fattigdom.

S er trykket på miljømerket, resirkulert papir og pakket i 100 prosent nedbrytbar biofilm som skal kastes i matavfall. Strømmestiftelsen er med i Innsamlingskontrollen.



Sumaiya og geiteflokk

For Sumaiya Aktar (15) blei Shonglap den endringa i livet ho drøymde om skulle skje, men aldri visste ho kunne få. Nå drøymer ho om å ta utdanning og sikre ei betre framtid for seg og familien.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD, KURIGRAM, BANGLADESH

Tenåringsjentene er samla i eit av forsamlingshusa i landsbyen. Det er her dei heldt møta sine. På veggane heng det plakatar og ark med utsegn og notat frå undervisninga. I januar danna dei

gruppa dei no er med i, eit forum for å ta opp saker som vedkjem dei og landsbyen deira.

For jentene i Baniypara Shonatori Shonglap forum har livsmestringskurset dei var med på sist år begynt å skape den endringa dei så mange gonger har drøymd om.

INFORMASJONSARBEID

— Alle som var med i Shonglap er med i denne gruppa. Shonglap har vore ei plattform for oss for å lære og til å reagere, seier jentene. Ein etter ein står dei fram og fortel korleis programmet har endra og sett i gong reaksjonar og aksjonar i liva deira og i landsbyen.

— Me har hatt aksjonar som skal hindre mobbing av born og unge. Me har delteke i informasjonsarbeid om Covid-pandemien. To gonger har vi teke opp saker med lokale styresmakter for at dei skulle gje familiar det dei rettmessig hadde krav på. Mest stolte er

me over at me har hindra to born frå å bli gifte bort, og at informasjonsarbeid mot vald mot kvinner og jenter har ført til at dette er sterkt redusert, seier tenåringane stolt.

KAMPANJAR

Dei legg vekt på at dei gjer informasjonsarbeid som skal skape endringar i samfunnet, og at det tek tid å endre eit samfunn nedanfrå.

— Difor er kampen mot barneekteskap, misbruk av alkohol og narkotika og vald mot kvinner, saker det er viktig å drive kampanjar for, og ta opp igjen og igjen, fortel jentene.

Dei har oversikt over alle jentene i landsbyen som er mellom 13 og 17 år gamle og har teke kontakt med dei og foreldra deira for å snakke om minstealder for ekteskap - og at det ikkje er lov å gifte bort ei jente før ho er 18 år gamal.

STOGGE BARNEEKTESKAP

— Me vil ikkje at born skal få born. Det er feil og farleg. Men ikkje alle foreldre forstår oss når me tek dette opp, men dei forstår når me forklarar kva som kan skje. Me er unge, det er våre liv og vår framtid dette handlar om. Me vil ikkje ha barnebruder lenger, og me vil stogge barneekteskap. Det er ikkje rett. Utan Shonglap hadde me ikkje kjent til denne



For Sumaiya Aktar blei Shonglap inngangen til noko nytt. Ho lærte husdyrhald og lærte å avle opp geiter. Dei har gjeve henne inntekter og gjer at ho no kan strekke seg mot nye mål.

66

Hadde eg ikkje blitt med i Shonglap, og lært det eg no veit om menneskerettar og jenters rett, om barneekteskap og kor feil det er, hadde eg ikkje vore der eg er i dag.

Sumaiya Aktar



Livsmestringsprogrammet Shonglap skape endringar for jentene og familiene deira i Kurigram. Til nå har dei mellom anna klart å stogge to barneekteskap. Her er jentene saman i eit møte i Shonglap Forum.

sanninga. Men no veit me, og me skal arbeide for å endre samfunnet på dette området, seier dei 18 tenåringsjentene samstemde.

KAMP MOT KLIMAENDRINGAR

Jentene har også teke opp kampen mot klimaendringane og den globale oppvarminga.

— Me ser at elvane våre blir større og større og flaum skjer oftare og villare enn før. Det øydelegg hus, jorder og vegar på sin veg. Difor arbeider me med treplanting. Det vil være med å binde jorda og gjere den meir robust til å stå imot erosjon når flaumen kjem. Gruppa har også teke eit ansvar med å distribuere tørrmat til familiar som er råka av flaum.

SHONGLAP OG UTDANNING

Sumaiya Aktar (15) er ei av dei mange i Bangladesh som blei sterkt råka då skulane måtte stenge på grunn av Covid-19, og var borte frå skulen i nærare tre år. Då Shonglap kom til landsbyen var ho ei av dei som raskt bestemde seg for at dette ville ho være med på. Då læraren i Shonglap-klassen spurde om ho ville være med var ho ikkje sein om å svare ja.

— Det har vore så fantastisk å være med på dette. Då skulane ble stengde, sa læraren at eg måtte kome attende når dei opna. Men fattigdom gjorde at det ikkje var mogeleg. Foreldra mine hadde ikkje råd til det, fortel Sumaiya.

— Me ville at ho skulle gå på skulen og få ei utdanning og ei inntekt og få det betre enn det eg hadde, men kunne ikkje rå med det. Og no er ho med i Shonglap forum, det er så godt, seier mor hennar, Rohima Aktar, med eit stolt smil.

ENDER OG HØNER

No er dotter hennar ein stolt eigar av ein liten geiteflokk. Det starta med eit lite lån på 3000 taka (300 kroner) gjennom Shonglap. For det kjøpte ho to geiter. No har ho 11, og ni har ho seld. For dei nesten 5000 kronene ho tente på det har ho kjøpt land. Her har ho no 10 ender, 15 høner og kyllingar, og no kan ho hjelpe foreldra økonomisk.

NYE MÅL OG NYE DRAUMAR

— Hadde eg ikkje blitt med i Shonglap, og lært det eg no veit om menneskerettar og jenters rett, om barneekteskap og kor feil det er, hadde

eg ikkje vore der eg er i dag. Gjennom Shonglap har eg fått forståing for det å spare og korleis ein kan låne for å investere og tene pengar. Eg har og lært om helse, hygiene og ernæring, om dyrehald og dyrehelse og mykje meir. Eg hadde ikkje hatt geitene, eg hadde ikkje hatt pengane og ikkje draumane mine heller. Men no har eg tankar om framtida, draumar og mål å strekke meg mot. Det hadde ikkje skjedd utan Shonglap, seier tenåringen.

Ho steller godt med geitene som tygg blader og greiner på den opne plassen framfor heimen, og hentar eit traue med kraftfôr. For tenåringen er det geitene som er svaret på om ho kan klare å få verkeleggjort draumane ho ber på og planane ho har. Men det deler ho med ingen – ikkje enno i alle fall. Shonglap og Shonglap forum ho er med i har gjeve henne attende gleda over å kunne drøyme og vone om noko anna.

Glede. Laboni smiler og glæder seg over mulighetene prosjektet gir henne til å lære et yrke og starte for seg selv som skredder.



Toppen på en tredelt drakt

I ei systue i Babelakona, nord-øst i Bangladesh, sitter ni unge jenter og lærer å sy. Fattigdommen i området, helt mot grensa til India er stor, og det er stor etterspørsel etter skreddere.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – BABELAKONA, BANGLADESH

66

Dette er et viktig program for landsbyene og distriktene i Bangladesh.

Areng Dulen, programsjef i Caritas.



Laboni får god råd og hjelp fra lærer Sharifa Khatun som har undervist i skredderfaget i 12 år.

Livet er ganske utfordrende her, sier Laboni Koch (23), en av dem som nå vil lære skredderkunsten.

— Jeg må også gjøre noe for å tjene litt til familien så vi kan få det bedre. For det er ikke alltid vi har penger. Mannen min er dagarbeider. Vi har to barn: ei jente som snart er fire år og en gutt som er ett og et halvt. Mannen min tjener ikke mye, bare 300 – 400 taka (30 – 40 kroner) om dagen. Som dagarbeider er han heller ikke sikker på at han har jobb neste dag, sier Laboni.

YRKESUTDANNING

Yrkesskolen i Babelakona drives av CARITAS, Strømmestiftelsens samarbeidspartner. Skolen er mobil og flytter rundt til ulike landsbyer og distrikter nord i Bangladesh. Organisasjonen undersøker områder, kartlegger hvor det er behov, og ut fra det bestemmer hvor de skal etablere seg med skole. Undervisningen tar seks måneder og ender opp i en fagprøve som er anerkjent av styresmaktene. I tillegg til yrkesutdanning får elevene opplæring i å lese og skrive. På skolen tar de også opp temaer som etikk, moral og entreprenørskap.

— Dette er et viktig program for distriktene og landsbyene, og ikke minst for dem som får denne utdanningen, sier programsjef i Caritas i Meymensing, Areng Dulen.

GODE JOBBMULIGHETER

Sharifa Khatun er lærer i skredderfaget og har

fulgt skolen fra sted til sted de siste 12 årene.

— Dette er et veldig viktig tilbud. Det er mye fattigdom her, og muligheten for å få jobb som syerske eller skredder er stor, sier Khatun.

Med målebånd rundt halsen og konsentrerte blikk jobber jentene med dagens oppgave. De skal sy toppen til en tredelt drakt, et helt vanlig hverdagsplagg for kvinner i Bangladesh. Syv av jentene i gruppa er gift og har familie. Mens mødrene er på skolen, er barna i førskolen.

STORFAMILIE

— Jeg bor ikke så langt unna, men det er et stykke å gå likevel. På jordstykket vårt dyrker vi ris og grønnsaker, men mye av det vi dyrker blir ødelagt og spist av ville elefanter. Det vi berger, og det vi ikke bruker til oss selv, selger jeg. Slik kan jeg bidra litt. Vi bor i en storfamilie. Mannen min har 10 søsken. Fire av dem er gift. Vi er mange, og det kan være krevende, for fattigdommen er stor, sier Laboni Koch.

Laboni bøyer hodet mot nålen i symaskinen. Hun henter frem undertråden og trer overtråden gjennom nåløyet på den kinesiske Butterfly-symaskinen som ligner mye på en gammel Singer-symaskin. Læreren dukker opp og gir noen gode råd, og fra et annet sted i rommet nynner noen jenter i takt med den syngende lyden fra en symaskin som durer i vei. Etter det seks måneder lange kurset har de jobb i vente, enten på fabrikk rundt i landet, i en systue, eller for seg selv.

— Jeg ønsker å jobbe for meg selv. Har jeg

oppdrag kan jeg tjene 300 – 400 taka (30 – 40 kroner) om dagen. For en kjole kan jeg ta 200 taka pluss stoff, eller kanskje litt mer. Syr jeg en tredelt drakt kan jeg tjene 150 – 200 taka. Jeg bruker to timer på å klippe og sy en slik drakt. Noen ganger må jeg kjøpe stoff til dem som bestiller. De har kanskje ikke penger der og da. Da legger jeg ut, og de betaler når de kan, sier Laboni.

DRØMMEN

Hun er glad for utdanningen og muligheten kurset gir henne. I seks måneder, fem timer om dagen, seks dager i uka, skal hun følge undervisningen. Nå er hun halvveis og ser frem til å få sitt diplom utpå høsten. Med seg får hun 5000 taka (500 kroner) hun skal bruke til oppstart.

— Jeg vil ta forsiktige skritt. Men drømmen er en symaskin. En Singer maskin vil koste 800 kroner – mens en billigere kinesisk Butterfly-symaskin koster 500. Jeg vet ikke hva jeg kan få til, men jeg vet hva jeg drømmer om, sier Laboni Koch og trør symaskinen i gang og sender nålen gjennom det lette stoffet og begynner å sy sammen toppen på en tredelt drakt.



Pathmini Sandhiarmohan (46) sammen med sin yngste datter Menuka (22), som hjelper til i butikken når hun kan.

“

Det er ingen grunn til at noen skal være fattige. Med hardt arbeid kan alle klare det.

Pathmini Sandhiarmohan

Butikken ved hovedveien til Mannar

I Pannavedduvan har Pathmini Sandhiarmohan (46) skapt en lysende fremtid for seg og familien. Men veien dit har ikke vært enkel.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – PANNAVEDDUVAN, SRI LANKA

En militær jeep stopper, og en soldat hopper ut. En liten butikk på den andre siden av veien er åpen, og soldaten kjøper en pakke kjeks og et par flasker brus. I butikkkluka står Pathmini Sandhiarmohan og datteren Menuka (22).

— Vi startet den lille butikken i 2018. Før stod det en enkel kiosk her, men vi ville utvide, forteller Pathmini med et forsiktig smil. Butikken ligger langs hovedveien til byen Mannar på nordvest-kysten av Sri Lanka. Veien er godt trafikkert. Her er også en yrkesskole, og kundene er mange.

Pathmini er født i Mattala og mannen i Ratnapur langt sør i landet. I 1995, mens borgerkrigen fortsatt raste i landet, kom de til Mannar. De siste 15 årene har de bodd i denne landsbyen.

ETT MÅLTID OM DAGEN

— Det var en vanskelig tid. Selv etter at freden kom var militæret sterkt til stede. Vi fikk for eksempel ikke lov til å bruke hovedveien som går forbi her. Skulle vi til lege med barna eller gjøre andre nødvendige ærender, måtte vi gå lange omveier gjennom jungelen. Vi var fattige, og vi levde enkelt. Vi bodde i en jordhytte, hadde ikke ris å spise, og hadde bare råd til ett måltid om dagen. På den vesle jordflekken vår dyrket vi bønner. Det vi ikke spiste solgte vi og tjente litt på det, sier Pathmini.

FIKK NØDHJELP

Etter at freden kom til oss i 2009, startet Strømmestiftelsen nødhjelpsarbeid i området

gjennom den katolske organisasjonen Caritas.

— Hjelpen vi fikk var helt avgjørende, forteller Pathmini.

Hun har tre voksne barn: en sønn som er 26 år og to døtre på 24 og 22 år. I flere år, da barna var små, var det mannen som tok seg av dem.

HUSHJELP

— Vi hadde en ku og forsøkte å bygge opp en gård her. Derfor måtte mannen min være hjemme. Jeg reiste bort for å tjene penger og jobbet blant annet som hushjelp hos en familie. Andre ganger jobbet jeg med innhøsting eller med å plante ris. Jeg var borte to – tre uker om gangen. Inntekten kunne variere fra 15 til 20 kroner om dagen. Det var hardt arbeid, og det var veldig vanskelig å reise fra barna mine. Slik levde vi i tre – fire år til vi hadde spart nok til at vi kunne begynne å bygge opp gården. Vi hadde fire mål jord. Vi dyrket bønner, tomater, chili og rødbeter. Etter hvert kjøpte vi mer jord. Nå har vi 20 mål. På halvparten dyrker vi ris. Nå har vi 15 kuer og bruker resten av jorden på gras og beite til kuene og til å dyrke grønnsaker.

NÅ ER DET VÅR TUR

— Jeg blir så lei meg når jeg hører hvor vanskelig hun har hatt det. Noe har jeg hørt før, men mye er nytt for meg, sier datteren Menuka, og sender et kjærlig smil til sin mor. Et lite steinkast unna holder faren og broren på med å bygge hus.

— Nå er det vår tur til å hjelpe. Nå skal vi ta vare på henne og gi henne det hun trenger. Da vi var små, bar hun og pappa oss til skolen for det var så langt å gå. Nå skal jeg og min bror

og søster hjelpe foreldrene våre, sier datteren.

MIN DRØM

— Jeg var ikke en modig kvinne. Jeg var redd og forsiktig. Men jeg har forandret meg og fått tro på seg selv, sier Pathmini.

Hun ble med da Caritas startet opp en Community Based Organisation (CBO) (landsby-organisasjon) her. Hun begynte å spare og etter hvert ta opp lån. Det første lånet var på 10 000 rupi – det gikk til å kjøpe frø til grønnsaker og til butikken. Etter det har hun lånt fire ganger. Det siste lånet var 80 000 rupi (ca. 2300 nok).

— Jeg har aldri lånt uten at jeg visste at vi kunne klare å betale tilbake. Når andre har lånt til klær og andre ting, har jeg lånt til noe jeg visste kunne gi avkastning. Vi har investert i kuer og okser, lånt til butikken vår, kjøpt en traktor og motorsykler, og nå bygger vi på huset. Vi har solgt over 40 okser for å betale for huset vi bygger på nå. Dette har vært min drøm. Jeg koser meg over at naboene kan se at det faktisk skjer, sier hun stolt.

— Det er ingen grunn til at noen skal være fattige. Med hardt arbeid kan alle klare det. Det har jeg vist. Jeg har klart noe. Og, sier Pathmini, med et stort smil

— Før hadde jeg ikke penger til å kjøpe gull, slik de andre kvinnene her kunne. Men nå kan jeg – og nå har jeg vist at også jeg fikk det til, sier hun og ser stolt på sin datter.


En bilkjører ned fra hovedveien og stopper foran den lille butikken. En ny kunde kommer ut. Det er den fjerde på den korte tiden vi har vært der.



Tek spaden i egne hender

Kvinnene i landsbyen Kulekada har endra lokalsamfunnet. No driv dei si eigen entreprenørverksemd og legg inn tilbod på både vasking av sjukehus og vegarbeid.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD – KULEKADA, SRI LANKA



FAKTA OM KVINNER I ARBEID

I januar 2022 var andelen kvinner valgt inn i nasjonalforsamlinger globalt 26,2 prosent. Der er opp bare 3,8 prosent fra 2015. Med denne farten vil det ta 40 år før kvinner og menn er likt representert i verdens nasjonalforsamlinger.

Antall kvinner i lederposisjoner globalt, økte minimalt i perioden fra 2015 til 2019, fra 27,2 til 28,3 prosent.

Fra 2019 – til 2020 var det for første gang siden 2013 ingen økning.

73% I 2021 begynte 73 prosent av alle kvinner som var med Strømmestiftelsens programmer en aktivitet som ville gi dem en jobb og en inntekt, eller de utvidet en allerede eksisterende jobb.

64% 64 prosent av alle kvinner i våre programmer ble valgt inn i lokale styre og prosesser. I Sri Lanka er dette tallet 95 prosent mot 40 prosent i 2014.

På verdensbasis er mindre en 50 prosent av alle kvinner i arbeidsdyktig alder aktive i arbeidslivet.

I fattige land jobber flest kvinner i uformell sektor. Uformell sektor er arbeid som ikke er regulert av myndighetene.

Kilde: ILO, UNSTATS.UN.ORG

Det som byrja med 60 medlemmer for 10 år sidan er no blitt ein berekraftig lokal organisasjon med stor respekt i lokalsamfunnet.

— Då me starta, viste me ikkje ein gong korleis me skulle halde og gjennomføre eit møte og ei heller korleis me skulle spare eller låne ut pengar. Det er det den lokale organisasjonen her som har lært oss, fortel kvinnene i landsbyorganisasjonen Ekamuthu - som betyr - saman.

STYRKE KVINNERSTILLING

I fleire år har Strømmestiftelsen samarbeida med organisasjonen Rajarata Praja Kendraya (RPK) som arbeider her. Eit av tiltaka har vore å styrke kvinners posisjon og å bygge opp organisasjonar, såkalla Community Based Organisation (CBO), som er forankra i lokalsamfunnet. Spare- og lånegrupper for å betre privatøkonomien er ein aktivitet i organisasjonen. Som CBO er ein også ein juridisk einskap med rett til å ta opp saker med styresmaktene og til å delta i høyringar om ulike saker i nærmiljøet.



Sekretær, Sivalage Gunawathi

Ekamuthu har over tid utvikla seg til å bli ein av dei viktige entreprenørane her. No deltek dei i tilbodsrundar og kjempar med andre selskap om jobbar i området. Dei vann ein kontrakt om å vaske det lokale sjukehuset, og nyleg vann dei ein kontrakt om å bygge ein ny veg. Dei har også fått ein kontrakt om å setje opp eit elektrisk gjerde.

— Når me vinn ein kontrakt, tilset me arbeidsgjevar. Dei treng arbeid og inntekt, og me får jobben gjort. 5 prosent av kontrakten er fortieneste til vår organisasjon. Det er ingen andre som gjer noko tilsvarande her. Me har eit godt rykte, og både ordførar, lokale styresmak-

ter og folk flest tykkjer vel om jobbane me gjer, fortel Sivalage Gunawathi. Ho er sekretær for gruppa og har vore med sidan starten.



President, Kiriyage Chandrawathi

I 2021 kunne dei bokføre ein gevinst på 2800 kroner, og på dei første seks månadane i år hadde dei tent 5600 kroner til organisasjonen. Dette er pengar som går inn i sparekapital til gruppa og er medlemmanes pengar.

ØKONOMISK HJELP

— No er det mange som ynskjer å bli med i vår CBO. Men me heldt litt igjen. Det er andre organisasjonar her også. Men dei er ikkje så progressive og nytenkande som oss, seier Gunawathi.

— Mennene stør oss i dette. Dei ser at det me gjer betyr mykje både for oss og samfunnet. Er eg seint ute og ikkje rekk heim for å lage mat, så er det mannen min som koker, seier ho og smiler.

Då me starta organisasjonen var ei av dei viktige sakene å få på plass eit berekraftig nærmiljø. Området her var sterkt råka av borgarkrigen. Det var landminer i åkrane våre, brønnane var forgifta og måtte gjerast reine og byggast om, og folk hadde stor gjeld og måtte få hjelp med økonomien. Mange som hadde eigd jord før krigen hadde mista jorda og hadde ikkje papir på eigarskap. Mange her visste ikkje kven som eigde kva, og folk ville ta meir jord enn det dei hadde før krigen. Borgarkrigen øydela så mykje for oss, seier Sivalage Gunawathi.

FÅR EIGEDOMSPAPIR

— Det var tilgangen til vår eiga jord og papir på at me eigde den som var viktig å få på plass først. Me er bønder. Utan jord kan me verken tene pengar eller ha eit arbeid å gå til. Dette var den viktigaste jobben og den første saka me tok i gang med. Me bruka eit år på denne saka. No har alle fått papir på jorda dei eig.

Det neste var å få hjelp til å rydde jorda vår for landminer, seier president i CBO-en, Kiriyage Chandrawathi.

RYDDE LANDMINER

— Det var eit skremmande og farleg arbeid. Eg fann ni miner på min gard. Eg brukte hakke for å rydde, det var livsfarleg, seier ei av medlemmene i CBO-en.

Praten går lystig på terrassen heime hjå presidenten. Ho serverer te, kjeks og sjølvdyrka bananar. Ein katt dukkar svolten opp. Kraftige vindkast røskar i bananpalmane og ristar godt i trea med papaya. I hagen veks prydeplanter som til dømes Coleus – ein plante som også dekorerer norske heimar.

Dei har fått til mykje i denne CBO-en og har vore med å endra samfunnet her.

REINT VATN TIL ALLE

— Mange her har hatt store problem med nyrene. Dette undersøkte me og fann ut at årsaka var at drikkevandet vårt ikkje var reint og at det hadde alt for store verdiar av fluor. Som CBO kunne me gå til styresmaktene med denne saka. Resultatet er at no får kvar familie 20 liter reint drikkevatt gratis, kvar dag. I tillegg blei det sett i gang eit arbeid med å reinske og rydde i brønnar som vart øydelagde under krigen, seier Sivalage Gunawathi.

Landsbyen Kulekada er eit fattig område, isolert og langt frå ein større tettstad.

— Me visste ikkje kva me kunne krevje, og



Styremedlem Gunadasage Chandima,

heller ikkje korleis og kvar me kunne framsetje krava våre. Me var redde for å snakke. Men dette har endra seg. RPK har synt oss at me kan. Dei fortalde oss korleis me skal fremje sakene våre og lærte oss til å stå opp for oss sjølv, seier presidenten.

TILBAKE TIL SKULEN

— Ei av sakene me har arbeida med har vore

å finne born som har droppa ut av skulen og hjelpe dei tilbake. Så langt har me hjulpet tre born med det, seier Gunadasage Chandima, ei av styremedlemmane i organisasjonen. Ho meiner fattigdom og foreldre som ikkje forstår kor viktig utdanning er, årsak til at dei tek borna sine ut av skulen for å arbeide, passe born, eller gjev dei til eit kloster der dei blir munkar i ein periode.



Det er andre organisasjonar her også. Men dei er ikkje så progressive og nytenkande som oss.

Sivalage Gunawathi

ENDRE HALDNINGAR

— Me held også informasjonsmøte om vald mot kvinner og barneekteskap. Det har gjort at dette er redusert i området, seier Chandima.

Ein gong i månaden er det møte i CBO-en. Då blir det spart pengar, lån, gjeve ut nye lån og ein går gjennom lånesøknader. Gruppa har også ein sosial konto til disposisjon for å hjelpe familiar som treng hjelp.

BETYR MYKJE

— Eg har ikkje ord for kor mykje vår CBO har betydd for oss. Det har endra oss, samfunnet vårt og gjeve oss tryggleik og tru på at me kan få til mykje.

Som fattigfolk har me ikkje tilgang til vanleg bank. Gjennom vår CBO får me tilgang til pengar og kan låne utan pant. På mindre enn ein time kan eg låne 100 000 – 200 000 rupi. I dagens situasjon etter Covid-pandemien, med politisk uro i landet vårt, krigen i Ukraina som har utløyst sterkt inflasjon og stor prisauke, er det dette som kan berge oss. CBO-en vil være livbøyen vår gjennom denne krise. Me skal klare oss, seier kvinnene i Kulekada.

Historiefiskeren

Når Egil Mongstad etter 24 år takker av som redaktør for Strømmestiftelsens blad, er det i stor takknemlighet til alle menneskene som har delt historiene sine med han, og at han har fått lov til å dele dem med leserne. – Det er særlig viktig at vi har fortalt de gode historiene om mennesker som får seg en utdanning, skaper seg en jobb, kjemper seg ut fra fattigdom og får et bedre liv, sier han.

Tekst: GASE HANDELAND *Bilde*: ØYSTEIN VENÅS SØRENSEN - KRISTIANSAND

Det har skjedd mye siden slutten av forrige årtusen. Internett og sosiale medier er vanlig, og alt redaksjonsarbeidet foregår nå digitalt.

— Vi skrev jo på pc da også. Men de første årene ble bladet sendt fysisk til Oslo med nattotog fra Kristiansand, hentet av trykkeriet på Oslo S neste morgen, før vi fikk siste korrektur tilbake med neste nattog. Det var tungvint. I dag bruker vi noen få strakser fra vi sender bladet fra oss til det er hos trykkeriet i Latvia, sier Egil Mongstad.

Når redaktøren oppsummer sine år i Strømmestiftelsen, blir ulike inntrykk, opplevelser i landsbyer under fjerne himmelstrøk og enkeltmennesker han har møtt gjenfortalt med stor entusiasme. Mongstad har rapportert fra alle land hvor Strømmestiftelsen arbeider, og har trolig nærmere 80 turer bak seg til våre prosjektland, for å bringe historier tilbake til leserne i Norge.

LEOPARD OG OLJE

— Det har vært mye glede på turene, sier Mongstad.

— Det å sove ute og våkne midt på natten på landsbygda og se stjernehimmelen tydelig over det afrikanske kontinentet.. Eller når kraftig regn tvinger deg til å flytte inn og ligge på jordgulv i et overfylt hus i Amazonas. Og den litt spente opplevelsen det er å gå på stier om morgenen i sporene etter en leopardfamilie som har vært der i løpet av natten. Jobben har

vært et privilegium og gitt enormt mange fine opplevelser, sier han.

Selv er han en naturglad mann. Oppvokst i den lille bygda Mongstad, langt mot havet i vest. Der hvor storsamfunnet endevendte området da de plasserte et gedigent oljeraffineri der på 1970-tallet. Noe som var med å danne grunnlaget for at Norge endte opp med å bli et av verdens rikeste land.

KVINNEN MED VERDIGHET

På sine mange reportasjereiser er det enkelt-personenes historier som har vært viktigst for ham å få frem. Den som kanskje har gjort aller mest inntrykk, er en sosialarbeider som arbeidet for Jamii Bora i Nairobi. Hanna N'Jeri kom, som så mange andre, til Nairobi for å finne arbeid. Hun havnet i slummen, bodde på gaten i mange år, hadde blitt utnyttet, og hadde syv barn med syv forskjellige menn. Hun ble kjent med organisasjonen Jamii Bora og fikk jobb der som sosialarbeider. Der brukte hun sin erfaring fra å leve på gaten til å gjøre en forskjell i andres liv.

— Hun hadde en verdighet, utstråling og stolthet, til tross for alt hun hadde opplevd. Og hun viste at det gikk an å få en sjanse til. Hun var et menneske som har gjort veldig inntrykk på meg. Jeg møtte henne flere ganger, og fulgte henne til slutt til graven da hun døde av det som trolig var aids. Flere fulle busslaster med mennesker fulgte henne til graven på hennes hjemsted, langt utenfor Nairobi. Det

var rørende å se hva hun hadde betydd for så mange, sier Mongstad.

ALLE MÅ FÅ EN SJANSE

Og nettopp det, at alle må få en sjanse til, og at alle mennesker har verdighet, ligger tett på redaktørens engasjement. Man kan tydelig se engasjementet og gleden av å fortelle historier i øynene hans.

— Det er så mange talent som blir borte og blir ødelagt på grunn av fattigdom og aldri får muligheten til å vise hva de kan, som ikke får utvikle sine talenter og bidra til å forandre verden. De trenger at noen snakker for dem, heier på dem og gir dem den starthjelpen de trenger. Hvis vi vil forandre verden, så må vi ikke slutte å gi. Hvis vi vil skape en trygg verden for oss og våre barnebarn, så må vi fortsette å engasjere oss, delta i debattene, stå opp mot urett, og vi må aldri slutte å gi, sier han. Når han nå overlater redaktørstolen til en kollega, så ligger det allerede mange planer

Etter 24 år som redaktør i Strømmestiftelsen sier Egil takk for seg. Nå venter andre oppgaver. Men bistand og kampen for en rettferdig verden vil fortsatt engasjere han.



klar for pensjonistlivet.

— Jeg skal være litt bestefar. Jeg har hus og hjem og noen prosjekter der. Og så skal jeg fortsette å synge i kor. Det er veldig stas.

ANSVAR UTOVER OSS SELV

Mongstad liker også å fiske. Nå på høsten går det mye i hummer, men hvor han fanger hummeren vil han som andre ivrige hummerfiskere selvsagt ikke dele.


— Men jeg kommer jo til å følge med på Strømmestiftelsen. Og jeg vil alltid følge med på hvordan vi som samfunn forvalter den rikdommen vi har, og på hvordan klimaendringene rammer de fattigste mest og hvordan vi velger forholde oss til det. Jeg mener vi har et større samfunnsansvar som går globalt og utover egne grenser. Det må vi ta på alvor, avslutter han.

Og vi i Strømmestiftelsen kan ikke annet enn å takke for alle historiene han har gitt oss.

66

Det er så mange talenter som blir borte og ødelagt på grunn av fattigdom og aldri får mulighet til å vise hva de kan.

Egil Mongstad



Ute på reportasjeoppdrag. Her Egil i møte med en av innbyggerne i en landsby i Niger.



← UGANDA

Ei kvinne i Abim, nord aust i Uganda, reinskar korn frå millet med å kaste det opp i lufta for å blåse bort skall og rusk og rask frå kornet. Millet er eit svært viktig og robust kornslag som tåler både tørke og varme. I Uganda er millet det viktigaste kornslaget og landet er ein av verdas største produsentar av kornslaget. Millet er rikt på plantefeitt med ein feittprosent på 4,9 samanlikna med kveite som har 2,5 prosent.

FOTO: EGIL MONGSTAD



MYANMAR ↓

En ung gutt skrur og reparerer på en lett motorsykel i Myanmar. Motorsyklar er et svært populært fremkomstmiddel i mange fattige land. Den er ikke så dyr og betyr svært mye. Sykkelen er også et symbol på frihet, uavhengighet og så skaper den jobber, som for denne gutten her. I 2021 hadde Myanmar 6,24 millioner registrerte motorsyklar. I 2019 innførte regimet et forbud mot å bruke motorsyklar i Yangoon.

FOTO: ØYSTEIN VENÅS SØRENSEN



← KENYA

Ei kvinne sel kull på markanden i Kibera-slummen i Nairobi. Å lage kull av trevirke skjer i en prosess i en ovn med høg temperatur. I svært mange utviklingsland, og særskilt i urbane strok, er kull den viktigaste energikjelda for matlaging. Årleg globalt forbruk, der kull er den viktigaste energikjelda, er 150 kilo per person. I 2011 blei det produsert 47 million tonn kull ut frå trevirke.

FOTO: EGIL MONGSTAD



← NIGER

Ei ung jente og læraren hennar i hyggeleg prat på ein skule i Niger. Denne jenta er heldig som har ein lærar og ein skule å gå til. No står verda midt i ei utdanningskrise. 224 millionar born er ikkje på skulen. Læringstapet er enormt for millionar av born og unge etter fleire år med pandemi og stengde skular. Utdanning er heilt avgjerande for utvikling og Strømmestiftelsens satsingsområde nummer ein i kampen mot fattigdom.

FOTO: ØYSTEIN VENÅS SØRENSEN



← MALI

To kvegflokker har søkt ly i skyggen av de store Baobab trærne. Trærne er nesten ikoniske og blir kalt for «livets tre». De finnes i over 30 land på det afrikanske kontinentet og i Australia. Treet er en gullgruve for dem som har tilgang til det. Det gir både vann, frukt, nøtter til å lage olje og fiber og bark til å lage klær og mye mer. Det forskere tror var et av de eldste Baobab trærne som er registrert, ble 2450 – 2500 år gammelt og vokste i Zimbabwe. Det døde i 2011.

FOTO: EGIL MONGSTAD



Vi er stolte av det vi har fått til. Gjennom selskapet har vi skapt utvikling og hjulpet folk igang etter tsunamien og videre, sier daglig leder Roshini Fernando i Strømme Micro Credit.

Avvikler mikrofinans på Sri Lanka

Det kraftige jordskjelvet utenfor Indonesia som utløste den dødelige tsunamien i Indiahavet 26. desember 2004 rammet ikke bare Indonesia. Sri Lanka og flere andre land rundt Indiahavet ble også truffet med ødeleggende kraft. Nå legger Strømmestiftelsen ned mikrofinansselskapet som ble opprettet etter tsunamien.

Tekst og foto EGIL MONGSTAD — COLOMBO, SRI LANKA

Tsunamien tok 35 322 menneskeliv på Sri Lanka. De materielle ødeleggelsene var enorme. Landet skulle bygges opp igjen. Behovene for å gi billige lån var stor. Givergleden etter tsunamien var overveldende. Det ble samlet inn mye penger. Pengene gikk til nødhjelp og til å bygge opp igjen samfunnet.

MIKROFINANS

— For å møte denne enorme utfordringen ble selskapet Strømme Micro Credit (Guarantee) Ltd (SMCGL) etablert. Selskap skulle tilby billige lån til mikrofinansinstitusjoner som så lånte penger videre til enkeltpersoner som hadde bruk for billige lån, forteller daglig leder i SMCGL, Roshini Fernando.

Finanskvinnen har flere års erfaring fra arbeid i bank. Da Strømme Micro Credit ble etablert i 2006, ble hun med i styret for selskapet. I 2015 ble hun ansatt som daglig leder i SMCGL.

HJELP TIL SELVHJELP

— Siden starten i 2006 har vi lånt ut rundt 85 millioner kroner til mikrofinansinstitusjoner som har lånt videre til mer enn 70 000 personer. Gjennomsnittslånet har vært på 50 000 rupi, (ca. 1 500 kr). Behovet for lån har vært stor hele tiden, og våre lån har betydd mye for svært mange. I starten handlet det mye om lån til mikrofinansinstitusjoner som lånte til gjenoppbygging etter tsunamien. Senere har lånene handlet mye om lån til mennesker som ønsker å starte en virksomhet, men som ikke har hatt tilgang til økonomiske ressurser som kunne hjelpe dem i gang, sier Fernando.

NÆRT SAMARBEID

— Det vi gjorde skapte endring. Vi holdt kurs, lærte opp våre medarbeidere, samarbeidspartnere og klienter. Vi hadde 15 ansatte som stod på for å følge opp klienter og låntakere. Vår viktigste målgruppe har hele tiden vært de fattigste, og lånene vi har gitt har vært rettet spesielt mot selskaper som har hatt denne målgruppen som sin viktigste. Vårt mål har vært å tilby økonomisk bistand til dem som vil hjelpe seg selv ut fra fattigdom — om å gi hjelp til selvhjelp, sier Fernando.

HØSTE VANN

— Først og fremst var det viktig å sikre at dem som hadde mistet alt fikk dekket helt grunnleggende behov, som for eksempel vann både til husbruk og jordbruk. Vi finansierte graving og rensing av brønner. I områder med lite ned-



En familie viser stolt frem skogen av pepperrot-trær som skal gi dem ettertraktede pepperoten.
FOTO: STRØMME MICRO CREDIT (SMCGL)



Sandaya Anoma Kumari er en av dem som fikk en vanntank til å sanke og lagre drikkevann. Det var helt avgjørende for at hun kunne fortsette å bo i området.
FOTO: STRØMME MICRO CREDIT (SMCGL)

bør støttet vi prosjekter for å høste vann. Vi hjalp familier med økonomisk planlegging og utvikling av ulike virksomheter, forteller Fernando.

Verksted, frisørsaloner, fotostudio, investere i kaneltrær for å lage kanel, frukthager, og produksjon av murstein var noe av det selskapets penger ble investert i.

“

Det vi gjorde skapte endring. Vi holdt kurs, lærte opp våre medarbeidere, samarbeidspartnere og klienter.

